

## Opplæringslovutvalget

Dykker ref.

Vår ref.  
17/520-5/HEKA

Dato  
27.03.2019

## Innspel frå Språkrådet til arbeidet med gjennomgang og vurdering av regelverket i grunnopplæringa

Språkrådet er statens fagorgan i språksaker og har ansvar for å følgje opp den språkpolitikken som Stortinget har slutta seg til, jf. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meaning. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* og St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer. Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne*. Det overordna strategiske målet for språkpolitikken er å sikre posisjonen for det norske språket som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg.<sup>1</sup> Arbeidet med å nå dette hovudmålet må gjerast innanfor rammene av ein heilskapleg språkpolitikk som tek omsyn til språksituasjonen i landet, både jamstillinga mellom bokmål og nynorsk og stoda for norsk teiknspråk, samiske språk og dei nasjonale minoritetsspråka.

*Mål og meaning* slår fast følgjande:

Alle skal ha rett til språk, å få utvikla og tileigna seg det norske språket, bokmål og nynorsk, å få utvikla og bruka sitt eige morsmål eller førstespråk, inkludert teiknspråk, sitt eige urfolksspråk eller nasjonale minoritetsspråk, og alle skal få høve til å læra seg framande språk.<sup>2</sup>

For norsk teiknspråk er FNs konvensjon om rettar for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) eit sentralt dokument for utforminga av språkpolitikken. For minoritetsspråka er andre FN-konvensjonar og Europarådets konvensjonar som knyter seg til menneskerettar og nasjonale minoritetar, viktige.

## 1 Opplæringslova er ei sentral språklov

Jamvel om opplæringslova ikkje har eit språkpolitiske føremål, er ho i praksis ei sentral språklov. Ho regulerer m.a. val av bokmål, nynorsk, samisk, finsk/kvensk og norsk teiknspråk som hovudmål i norsk skule (§§ 2-5, 2-6, 2-7, 3-9 og kapittel 6), rett til elevgrupper med eit anna hovudmål enn det som er vedteke for skulekrinsen (§ 2-5 fjerde ledd), at elevane skal ha opplæring i begge målformer (§ 2-5 sjette ledd) og tilgang til lærebøker og andre lærermiddel i begge målformer til same tid og pris (§ 9-4 første ledd). I forskrift til opplæringslova finn ein meir detaljert regulering av enkeltføresegner. Opplæringslova må difor innehalde formuleringar som bidreg til å fremje viktige språkpolitiske mål. I tillegg til dei nemnde stortingsmeldingane finn vi språkpolitikken løfta fram i Granavollplattforma av 17. januar 2019:

<sup>1</sup> St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meaning*, s. 14 <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-id519923/>

<sup>2</sup> *Mål og meaning*, s. 26



Språk er grunnlaget for tenkning og samhandling, en viktig del av kulturarven og en forutsetning for deltagelse i demokratiet. Regjeringen vil sikre gode bruks- og opplæringsvilkår for de offisielle språkene i Norge og de to likestilte målformene i norsk.<sup>3</sup>

## 2 Nynorsk – formelt likestilt, reelt diskriminert

I *Mål og mening* er det slått fast at det generelle arbeidet med å styrke norsk språk like mykje handlar om å sikre grunnlaget for den nynorske skriftkulturen og for posisjonen til nynorsken i det norske samfunnet som å styrke norsk språk generelt, og at det må «leggjast spesielt til rette for at nynorsk blir meir reelt likestilt med bokmål».<sup>4</sup>

I Språkrådets strategidokument for 2016–2019 står dette om heilskapleg norskopplæring:

En helhetlig norskopplæring i skolen skal legge grunnlaget for at elevene får gode ferdigheter i bokmål og nynorsk og skal skape positive holdninger til norsk språk, samtidig som det blir tatt hensyn til tilgang til språk, språklige rettigheter og behov hos alle elever, også dem som har en annen språklig bakgrunn enn norsk.<sup>5</sup>

Nynorsk og bokmål er i teorien jamstilte målformer, men i praksis har nynorsk vanskelegare livsvilkår. Det er difor nødvendig med ei positiv særbehandling av nynorsk, slik *Mål og mening* la opp til gjennom «prinsippet nynorsk»:

Nynorsk høyrer i utgangspunktet alltid med der norsk språk blir tematisert eller brukt. I dei tilfella der nynorsk likevel ikkje er ein relevant faktor, må dette legitimerast aktivt og behova til nynorskbrukarane bli dekte.<sup>6</sup>

Den norske språksituasjonen skapar ulikt utgangspunkt og ulike føresetnader for nynorsk- og bokmålselevar. Denne erkjenninga må liggje til grunn for språkpolitikken på skulefeltet. I større grad enn i dag må opplæringa tilpassast dei to gruppene, for å syte for at alle elevar i Noreg kan skrive både bokmål og nynorsk ved fullført skulegang.

### Språkrådet tilrår

- ❖ at dei språklege rettane til nynorskelevane må vidareførast og styrkast i den nye opplæringslova
- ❖ at den nye opplæringslova tek omsyn til utfordringane for nynorsken i skulen og i større grad reflektere at målformene i praksis ikkje er jamstilte

### 2.1 Målformer i skulen

Språkrådet viser til opplæringslova § 2-5 og forskrifta til opplæringslova §§ 9-1 til 9-5.

Det skal vere like lett for nynorskelevar som for bokmålselevar å halde på hovedmålet sitt i grunnskulen, særleg i overgangen til og gjennom dei tre åra på ungdomsskulen. Det skal òg vere lett for desse elevane å halde fram med hovedmålet sitt i vidaregåande opplæring. Slik er ikkje stoda i dag.

Rapporten *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål* frå 2014, utarbeidd på oppdrag frå Utanningsdirektoratet, syner at den massive bokmålsdominansen i samfunnet er ein viktig grunn til at elevar skiftar hovedmål frå nynorsk til bokmål gjennom skuletida.<sup>7</sup> Det er i praksis lettare å vere bokmålsbrukar og bokmålselev.

Dette må få konsekvensar for innhaldet i den nye opplæringslova.

<sup>3</sup> Granavollplattforma, s. 67: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/politisk-plattform/id2626036/>

<sup>4</sup> *Mål og mening*, s. 26 og 195

<sup>5</sup> Strategi for Språkrådet 2016–2019, s. 8: <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/diverse/strategi-2016-2019.pdf>

<sup>6</sup> *Mål og mening*, s. 82

<sup>7</sup> *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål*. Rapport 2017 – 07 Proba samfunnsanalyse, s. 2: <https://proba.no/rapport/undersokelse-av-nynorsk-som-hovedmal/>

## Språkrådet tilrår

- ❖ at opplæringslova ikkje gjer det vanskeleg å bruke nynorsk i skulen

### 2.1.1 Målbyte

Språkrådet bed utvalet syte for at framlegget til ny opplæringslov er med på å lette stoda for nynorskelevane og stogge målbyte i skulen. Skulen skal vere ein språkstyrkingsarena for nynorsk. I § 2-5 første ledd står det at det er kommunen som «gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skolane». Det vil seie at det er kommunestyret som skal gjere eit politisk vedtak, og at det skal vere rådgjevande folkerøysting når det er aktuelt med skifte av hovudmål. I tredje ledet står det at foreldra – i alle andre fag enn norsk – likevel kan velje «målform i lærebøkene til elevane til og med 7. årstrinnet». Opplæringslova undergrev her både føremålet med politiske vedtak i kommunestyrta om hovudmål ved kvar einskild skule og føremålet med rådgjevande folkerøysting om målform i grunnskulen (§§ 9-1 til 9-5 i forskrifta til opplæringslova). Retten undergrev i tillegg prinsippet i læreplanane om at skriving er ei grunnleggjande ferdighet som skal øvast opp i alle fag. Språkrådet meiner dette er uheldig, og at reglane bør endrast på desse punkta. Nye reglar bør formulerast slik at dei ikkje stengjer for forsøk eller ordningar der bokmålselevar får læremiddel på nynorsk som eit pedagogisk forsøk.

I praksis kan foreldra til ein bokmålselev som flyttar til eller bur i ein nynorskkommune, krevje at alle lærebøker (unnateke norskfaget) skal vere på bokmål. Medan lærarane berre skriv nynorsk på tavla i alle timane (unnateke norskfaget) og berre viser til teksten i nynorskutgåvene, skal bokmålseleven (frå han er seks år gammal) lese og skrive alt sjølv på bokmål.

Denne regelen kan føre til ein krevjande opplæringssituasjon for bokmålselevane.

I nynorskskulane kan kravet om bokmålsbøker føre til brot på opplæringslova. Lærarane ser ut til å tenkje først på elevane og dinest på lovverket, og dei endar opp med å undervise desse elevane (og somme stader alle elevane) på bokmål.

Resultatet er målbyte. Å byte målform er eit legitimt val i seg sjølv, men det bør ikkje skje på grunn av strukturelt press.

Eit språkpolitisk mål bør vere at ingen skal kjenne seg pressa til målbyte på grunn av manglande støtte i opplæringslova og tilhøyrande regelverk (forsrifta og i og for seg og læreplanar).

## Språkrådet tilrår

- ❖ at opplæringslova tryggjer dei demokratiske prosessane som knyter seg til val av målform i grunnskulen, slik at val av målform i grunnskulen ikkje blir undergrave av den individuelle retten til å velje målform

### 2.1.2 Parallelklasseretten

§ 2-5 fjerde og femte ledd omtalar retten til eiga elevgruppe eller språkdelte klasser («parallelklasseretten»). Reell parallelklasserett er eit viktig nynorsktiltak. Det er viktig at den nye opplæringslova gjev foreldre ein klar og tydeleg rett til å få behalde parallelle klasser eller elevgrupper.

Utvalet bør òg i arbeidet sitt problematisere konsekvensane av strukturelle endringar: sentraliseringar og samanslåingar av kommunar og regionar.

## Språkrådet tilrår

- ❖ at parallelklasseretten i barneskulen blir styrkt, og at det er tydeleg kva retten inneber

### *2.1.3 Språklege rettar på ungdomsskulen*

På ungdomstrinnet er språkrettane svakare. Medan språkvalet for barneskuleelevar blir gjort gjennom vedtak i kommunestyret og ålmenne rådgjevande folkerøystingar, skal elevane i ungdomsskulen sjølv velje skriftspråk: «Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv kva skriftleg hovudmålform dei vil bruke» (§ 2-5 første ledd). Elevane har krav på lærebøker og andre lærermiddel, men ikkje på eiga elevgruppe.

At språkreglane er ulike barnetrinnet og ungdomstrinnet imellom, har å gjere med ulike historiske kontekstar for etableringa av skulesлага. Då Gerhardsen-regjeringa skulle organisere språkvalet i den nye ungdomsskulen i 1950-åra, landa ho på reglane i den høgare skulen. Det territorielt funderte språkforvaltingsprinsippet frå det som då heitte folkeskulen (no barneskulen), vart ikkje diskutert, heller ikkje retten til å gå i språkleg parallelklass. Først med regjeringa Brundtland III og arbeidet med ny opplæringslov vart ordninga diskutert og problematisert. Utfallet vart likevel det same.<sup>8</sup>

I 1995 var det heller ikkje språkpolitiske omsyn som låg til grunn for diskusjonen i opplæringslovutvalet (Smith-utvalet), men det som var og framleis er eit avvik frå ein hovudregel i barnelova. I barnelova § 32 står det at barn «som er fylt 15 år, avgjer sjølv spørsmål om val av utdanning [...]. Ungdomar som startar på ungdomsskulen, er mellom 13 og 16 år gamle, og skal slik opplæringslova er i dag, gjere eit val som dei ikkje ville ha hatt om ein berre la barnelova til grunn. Språkrådet meiner dagens ordning på ungdomstrinnet er problematisk både for elevane og for skulen. I språkblanda ungdomsskular og i språkblanda klasserom må lærarane og skuleadministrasjonen gjere eit val, både når det gjeld systematisk språkopplæring i norsk og når det gjeld tavle- og undervisningsspråk. Gong på gong ser vi at det er skriftspråket til majoriteten av elevane i klasserommet som blir undervisningsspråk både i norsk og i andre fag.

Å halde på eit mindretalsspråk krev ei kollektiv støtte. Ei slik støtte får ikkje elevane på ungdomstrinnet i dag, med mindre det kjem på plass kollektive ordningar også i ungdomsskulen. Nye tal viser at om lag 10 % av elevane med nynorsk som hovudmål på barnetrinnet skifter til bokmål medan dei går på ungdomstrinnet.<sup>9</sup>

Stortinget vedtok i 2016 å vurdere retten til språkdelte klasser ut heile grunnskulen (den så kalla Odda-modellen):

Stortinget ber regjeringen utrede en endring av opplæringslova § 2-5 og andre mulige tiltak som kan sikre elever på ungdomsskolen rett til opplæring på hovedmålet og rett til å tilhøre en egen målformgruppe, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.<sup>10</sup>

Saka er enno ikkje lagd fram for Stortinget, men den nye regjeringa har varsla at dei vil «utrede språkdelte ungdomsskole».<sup>11</sup>

Ei parallelklassordning på ungdomstrinnet kan òg vere med på å hindre målbyte i vidaregåande opplæring.

### **Språkrådet tilrår**

- ❖ at elevar med nynorsk hovudmål får lovfesta rett til opplæring i og på hovedmålet sitt og rett til å tilhøyre ei eiga elevgruppe ut heile grunnskulen

## **2.2 Lærermiddel og andre læringsressursar**

<sup>8</sup> Bjørhusdal mfl. (2018) «Ei språkhistorie om ungdomsskulen» i Å skrive nynorsk og bokmål. Nye tverrfaglege perspektiv, s. 164–171

<sup>9</sup> Bjørhusdal mfl. (2018:157)

<sup>10</sup> Representantforslag 116 S (2015–2016), vedtak 67:

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Vedtak/Vedtak/Sak/?p=65978>

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/representantforslag/2015-2016/dok8-201516-116.pdf>

<sup>11</sup> Granavollplattforma, s. 72

Språkrådet viser til opplæringslova § 2-5 tredje ledd, § 9-4 og forskrifa til opplæringslova §§ 17-1 til 17-3.

I Granavollplattforma er det å «sikre retten til læremiddel på begge målformer» lista som eit av fleire mål.<sup>12</sup> For å kunne nå dette målet må ein sikre at parallelitettskravet i dagens lovtekst vidareførast: «I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris.» (§ 9-4 første ledd).

Parallelitettskravet er særleg viktig for nynorskelevane. Mange nynorskelevar får ikkje lærebøker og andre læremiddel på hovudmålet sitt, sjølv om dei har krav på det. Det er difor behov for å styrke retten deira like mykje som å sikre retten dei har.

Læremiddel som er tilgjengelege på bokmål og nynorsk, skil seg dessutan frå kvarandre i omfang og kvalitet, og ikkje så overraskande er tilbodet på nynorsk dårligast. Dette går ut over både nynorsken som språk og elevane som har nynorsk som opplæringsspråk.

Parallelitettskravet må dessutan sikrast utan omsyn til format. Opplæringslova vart utforma i ei tid då tradisjonelle læreverk vart nytta i undervisninga. I skulen i dag møter elevane ulike læringsressursar som ikkje er utvikla som læremiddel, og mange av dei er digitale. Lovverket har ikkje følt den teknologiske utviklinga, og vi ser at nynorskelevar spesielt ikkje får oppfylt dei språklege rettane sine når undervisninga blir stadig meir digitalisert.<sup>13</sup> Lova treng difor ei teknologisk oppdatering.

Opplæringslova skil ikkje mellom trykte og digitale læremiddel i spørsmålet om parallelutgåver (jf. forskrifa § 17-1 tredje og fjerde ledd). Ein rapport frå 2018 viser likevel at skulen ikkje ser ut til å tenke på desse læremidla på same måte som tradisjonelle lærebøker på papir.<sup>14</sup>

Det må kome tydelegare fram i lovteksten kva som kan reknast som læremiddel omfatta av parallelitettskravet. Kravet må likevel vere fleksibelt nok formulert til at det ikkje er til hinder for fornuftig bruk av tilfang som ikkje er laga for å vere læremiddel.

### Språkrådet tilrar

- ❖ at parallelitettskravet i dagens lovtekst blir vidareført
- ❖ at lovverket blir tilpassa den nye teknologiske røyndomen slik at alle læremiddel i alle format blir dekte av parallelitettskravet

#### 2.2.1 Ansvarsfordeling

I dag er det skuleeigarane som har ansvaret for at nynorskelevane får nynorske læremiddel. I forskrifa til opplæringslova § 17-3, står det:

Skoleeigar har ansvaret for at retten til eleven til læremiddel på si målform blir oppfylt etter § 17-1 og § 17-2. Det gjeld uavhengig av kor mange elevar som brukar bokmål og nynorsk i kommunen eller fylkeskommunen [...]

Det er òg skuleeigaren som har ansvar for å avgjere kva som fell inn under definisjonen, dersom det er tvil om noko er eit «læremiddel» eller ikkje.

Mange kommunar ser ikkje ut til å vere medvitne om ansvaret dei har som skuleeigarar, andre tek ikkje på alvor kravet om at dei læremidla som blir nytta i skulen, også skal vere på nynorsk. I praksis er det lærarane som syter for at nynorskelevane møter nynorsk i undervisninga og i læremidla som er i bruk, og det er dei som i stor grad fører nynorsken vidare.<sup>15</sup>

Språkrådet rår opplæringslovutvalet til å drøfte ansvarsfordelinga.

<sup>12</sup> Granavollplattforma, s. 72

<sup>13</sup> Myking, S. M. (2018) *Rapport om digitale læremiddel i skulen med tanke på nynorsk*, s. 24–26:  
<https://docplayer.me/76550466-Rapport-om-digitale-laeremiddel-i-skulen-med-tanke-pa-nynorsk.html>

<sup>14</sup> Myking (2018:25)

<sup>15</sup> Myking (2018:19)

Det er etter vårt syn eit klart behov for sentrale ordningar som sikrar at skuleeigarane kan etterleve krava i § 17-1 og § 17-2 i forskrifta, til dømes eit læremiddelregister eller utvikling av sentrale ressursar som t.d. tospråklege ordbøker.

#### **Språkrådet tilrår**

- ❖ at det kjem på plass sentrale ordningar som sikrar at skuleeigarar kan oppfylle lova, og at den retten elevane har til læremiddel på eiga målform, blir oppfylt

#### **2.2.2 Programvare i skulen**

Utdanningsdirektoratet reknar ikkje programvare brukt i skulen som læremiddel, og slike program er difor ikkje omfatta av parallellutgåvekravet:

Det understrekkes videre at bestemmelsene i kapittel 17 gjelder for læremidler. Dette er i samsvar med virkeområdet som angis i opplæringsloven § 9-4 første ledd. Bestemmelsen gjelder for eksempel ikke læringsverktøy som tekstbehandlingsprogram og andre kontorstøtteprogram.<sup>16</sup>

Skal nynorskelevar ta fullgod del i den digitale opplæringa, må òg den digitale infrastrukturen vere på nynorsk. Programvare i skulen skal ikkje vere til hinder for nynorskelevane. Opplæringslova bør omtale læringsverktøy som tekstbehandlingsprogram og andre kontorstøtteprogram spesielt, eller innlemme programvare i definisjonen av læremiddel. I den grad det er mogeleg, bør programvare i skulen ha brukargrensesnitt/skjermsspråk, redigeringspråk og korrekturverktøy på begge målformer. Skuleeigaren skal ta omsyn til dei språklege rettane til nynorskelevane ved innkjøp av programvare i skulen.<sup>17</sup>

#### **Språkrådet tilrår**

- ❖ at det også blir stilt språklege krav til programvare i skulen

### **2.3 Rett til dokument på eiga målform**

Korkje opplæringslova eller forskrifta inneheld reglar som sikrar alle som får opplæring etter opplæringslova (elevar, lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar), ein rett til å få visse viktige dokument i si eiga målform. Språkrådet tenkjer særleg på 1) ein rett til å få både sentralt og lokalt gjevne eksamensoppgåver i si eiga målform og 2) ein rett til å få vitnemål, kompetansebevis, fagbrev, sveinebrev o.l. i si eiga målform.

Desse rettane blir i dag ikkje sikra av mållova, ettersom mållova berre regulerer språkbruk i statleg forvaltning. I praksis får mange med nynorsk som hovudmål eksamensoppgåver og andre viktige dokument på bokmål.

Opplæringslova bør innehalde reglar som sikrar elevar, lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar desse rettane, slik mållova sikrar det same for studentar ved statlege universitet og høgskular.<sup>18</sup> Slike språklege rettar bør òg gjerast gjeldande for elevar ved frittståande skular.

#### **Språkrådet tilrår**

- ❖ at den nye opplæringslova sikrar retten til viktige dokument på eiga målform

### **2.4 Kompetansekrav for lærarar**

<sup>16</sup> <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Malform/Udir-9-2010-Elevens-rett-til-laremiddel-pa-eiga-malform>

<sup>17</sup> Per i dag står ikkje iOS Office på nynorsk, noko som er problematisk for nynorskelevar som har fått utdelt iPad av skuleeigar.

<sup>18</sup> Lov om målbruk i offentleg teneste: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1980-04-11-5>

Språkrådet viser til opplæringslova §§ 10-1, 10-2, 10-8 og forskrifta til opplæringslova §§ 14-2 til 14-5 og 14-9.

I opplæringslova § 10-2 står det at «tilsette som skal undervise, må ha relevant kompetanse i faga dei skal undervise i». I forskrifta til opplæringslova finn vi meir detaljerte reguleringar og tilvisingar til nasjonale rammeplanar.

Ifølgje den nasjonale rammeplanen for grunnskulelærarutdanninga skal alle lærarstudentar meistre både nynorsk og bokmål: «[Kandidaten] mestrer norsk muntlig, norsk skriftlig både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng».<sup>19</sup> Lesing og skriving er å rekne som grunnleggjande ferdigheter som skal lærest i alle skulefag i utdanninga, ikkje berre i norskfaget. Likevel har berre programmet for grunnskulelærarar 1–7 norsk som obligatorisk fagemne og retningslinjer med vurderingsformer i nynorsk og bokmål. I programmet for grunnskulelærarar 5–10, er norsk per i dag valfag. Det betyr at fleire lærarar i grunnskulen manglar formell kompetanse i norsk generelt, og nynorsk spesielt.

Kompetanse i begge målformer må sjåast som ein integrert del av skrivekompetansen til lærarstudentane i alle fag.

Skal lærarstudenten undervise i norsk, må norsk inngå som fagemne også i programmet for grunnskulelærarar 5–10. I dag gjev opplæringslova § 10-2 fjerde ledd skoleeigaren høve til å fråvike kompetansekravet dersom skulen ikkje har nok kvalifisert undervisningspersonale for eit fag:

Skoleeigar kan, så langt det er nødvendig, fråvike kravet om relevant kompetanse i undervisningsfagi tilfelle der skolen ikkje har nok kvalifisert undervisningspersonale i faget. Det må takast stilling til dette for kvart skoleår.

§ 10-6 opnar dessutan for mellombels tilsettjing av ukvalifiserte personar, dersom det ikkje er kvalifiserte søkerar til ei stilling. Det er uheldig. I eit så viktig og sentralt fag som norskfaget bør det ikkje vere høve til å gjere unntak i like stor mon som i andre fag.

For andre fag enn norskfaget bør det setjast i verk tiltak som forpliktar institusjonane til å sikre språkkompetansen til studentane. (Det kan vere å arrangere kurs, leggje inn språklege arbeidskrav i andre fag eller liknande.)

Rapporten *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål* syner at kompetansen til læraren er avgjerande viktig: «Uten lærere med kompetanse i nynorsk kan heller ikke elevene utvikle sin skrivekompetanse i nynorsk fullt ut».<sup>20</sup> Rapporten varslar også at formuleringar på rammeplannivå truleg ikkje er nok for å sikre at lærarstudentane får god nok norsk- og då særleg nynorskkompetanse.<sup>21</sup>

### Språkrådet tilrår

- ❖ at alle som tek grunnskulelærarutdanning i Noreg og som ønskjer å undervise i faget norsk, må ha norsk som ein del av utdanninga
- ❖ at det i norskfaget ikkje skal vere lett å fråvike kravet om relevant kompetanse
- ❖ at alle som skal tilsettast i undervisningsstilling, skal ha god kompetanse i norsk, både bokmål og nynorsk

## 3 Norsk tegnspråk

Staten har påtatt seg et språklig ansvar for norsk tegnspråk ved å gi tegnspråklige hørselshemmde barn rett til opplæring i og på tegnspråk gjennom barnehageloven § 19h og opplæringsloven §§ 2-6 og 3-9. Et språklig ansvar følger også av FNs konvensjon om rettighetene for mennesker med nedsatt funksjonsevne:

<sup>19</sup> <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2010-03-01-295?q=forskrift%20grunnskole%C3%A6rerutdanning>

<sup>20</sup> *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål*. Rapport 2017–07 Proba samfunnsanalyse, s. 6

<sup>21</sup> *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål*. Rapport 2017–07 Proba samfunnsanalyse, s. 7

[Stats]partene erkjenner at mennesker med nedsatt funksjonsevne har rett til utdanning.

Med sikte på å virkeliggjøre denne rettigheten uten diskriminering, og på basis av like muligheter, skal partene sikre et inkluderende utdanningssystem på alle nivåer [...]<sup>22</sup>

Målet med språkpolitikken er å sikre og bevare norsk tegnspråk og rettigheter knyttet til bruk av norsk tegnspråk.

For å nå målet må den nye opplæringsloven inneholde offensive språkstyrkingstiltak. Loven må ikke gjøre det vanskelig å bruke norsk tegnspråk.

### 3.1 Tidlig innsats

Språkrådet viser til opplæringsloven § 1-4.

Fordi døve og hørselhemmede barn har mindre tilgang til norsk enn det hørende barn har, står de allerede i første klasse i fare for å henge etter i lesing, skriving og regning. I samsvar med plikten om tidlig innsats, som skolen har etter § 1-4, trenger døve og hørselhemmede barn intensiv opplæring på tegnspråk av en førstespråksbruker i et førstespråksmiljø.

#### Språkrådet tilrår

- ❖ at døve og hørselhemmede barn får en rask intensiv opplæring i et førstespråksmiljø

### 3.2 Tegnspråkopplæring i skolen

Språkrådet viser til opplæringsloven § 2-6 og 3-9.

Retten til «opplæring i og på teiknspråk» står både i § 2-6 og § 3-9, men det er bare den siste som har med leddet «i eit teiknspråkleg miljø». Dette er minst like viktig i grunnskolen, og det bør følgelig stå i begge paragrafene.

Rettighetene til døve og hørselhemmede barn forvaltes av ulike *sakkyndige* – sykehuset der hørselstap oppdages, pedagogisk-psykologisk tjeneste og Statped. I praksis har disse instansene ulik grad av kunnskap om tegnspråk og flerspråklighet, og det gjør at forvaltningen av opplæringsrettighetene til døve og hørselhemmede barn blir altfor tilfeldig.

Når det ikke er tilstrekkelig kunnskap om tegnspråk og flerspråklighet, kan det oppstå en kultur og praksis der norsk blir sett på som best og nødvendig, mens tegnspråk dermed blir nest best og unødvendig. Da blir hørselhemmede barn bedt om å vente og se om de kan lære norsk i stedet for å bli tilbuddt tegnspråk umiddelbart.

Synet at flerspråklighet er et hinder for at alle skal kunne lære norsk, skaper et press på norsk tegnspråk og medvirker til at færre får opplæring i og tilgang til språket. Den samme synsmåten har gått ut over for eksempel kvensk og samiske språk, men ikke på helt samme måte. Assimilering av samiskspråklige har ofte ført til tap av samisk språk, men likevel tilgang til et annet språk – norsk. Assimileringen av hørselhemmede fører oftere til mangelfullt språk i det hele tatt (norsk, tegnspråk eller begge), og i verste fall til mangel på språk. Dette kalles *språklig deprivasjon* – altså språklig *frarøving*.<sup>23</sup> Dette er svært alvorlig for den enkelte hørselhemmede. Myndighetene må sikre at barna som et minimum får et helt og fullt språk på lik linje med hørende, uavhengig av preferanser hos profesjonelle med negative språkholdninger til norsk tegnspråk. I et livsløpsperspektiv vil dette gjøre framtiden mer åpen, og barna vil selv kunne veksle fra et språk til et annet dersom de ønsker det ut fra situasjonen.

Det bør komme fram i lovverket at retten til opplæring i og på tegnspråk ikke automatisk fører til at eleven utelukkende må følge tegnspråklig undervisning etter læreplaner for hørselhemmede. Det bør presiseres at døve og hørselhemmede barn har rett til å få to førstespråk.

<sup>22</sup> Konvensjon om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne, artikkel 24, punkt 1:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/konvensjonen/id724096/>

<sup>23</sup> Glickman, Neil S. and Wyatte C. Hall (2019): *Language Deprivation and Deaf Mental Health*. New York: Routledge

#### **Språkrådet tilrår:**

- ❖ at alle døve og hørselhemmede barn har rett til å få undervisning i og på tegnspråk i et tegnspråklig miljø
- ❖ at alle døve og hørselhemmede barn har rett til å få to førstespråk

#### **3.2.1 Hørende barn av døve og hørselhemmede**

Hørende barn av tegnspråklige døve (*KODA – Kids of deaf adults*) og hørselhemmede har foreløpig ingen rett til å få opplæring i morsmålet sitt i opplæringsloven. Disse barna har også ifølge norsk språkpolitikk rett til å utvikle og bruke sitt førstespråk<sup>24</sup>. Barna forskjellsbehandles i opplæringsloven i dag.

#### **Språkrådet tilrår**

- ❖ at hørende barn av døve og hørselhemmede gis tilgang til opplæring i tegnspråk

#### **3.2.2 Opplæring spesielt organisert for voksne**

Språkrådet viser til opplæringsloven kapittel 4 A.

Retten til opplæring i og på tegnspråk må også gis til voksne i grunnskoleopplæringen. Særlig for voksne innvandrere er denne retten viktig.

#### **Språkrådet tilrår**

- ❖ at retten til opplæring i og på tegnspråk også må gjelde voksne, både i grunnskolen og på videregående

#### **3.2.3 Sakkyndighet**

Sakkyndig vurdering knyttet til retten til opplæring i og på tegnspråk som førstespråk er uheldig på flere måter. For det første innebærer den en forskjellsbehandling sammenlignet med blant annet samisk og kvensk språk i opplæringsloven. Det kreves ikke sakkyndig vurdering for å få opplæring i disse språkene. For det andre vil sakkyndige som ikke har kompetanse i og om norsk tegnspråk, bli portvoktere for språklige rettigheter som døve og hørselhemmede barn har. Det er bekymringsfullt at en språkrett skal vurderes av sakkyndige som ikke har kjennskap til norsk tegnspråk, og som dermed kan anta at norsk tegnspråk er en metode og vurderer behovet etter hørselsstatus. Vi kjenner til vurderinger som er slik at hørselhemmede som «hører for godt», kan støtte seg på munnavlesning og norsk med tegn (NMT). NMT er ikke et eget språk og kan heller ikke «visualisere et lydspråk». Barnet står i fare for å ikke få flytende tilgang til norsk og heller ikke til norsk tegnspråk med korrekt grammatikk, noe som er en forutsetning for fullt språk. Det finnes sakkyndige som undervurderer viktigheten av å kunne tilegne seg og bli eksponert for et fullt førstespråk. Døve og hørselhemmede barn er svært sårbare fordi sakkyndige vurderinger ofte ikke er kunnskapsbaserte (jf. Kermit 2018).

Ved å ha et sakkyndighetskriterium gir man også et inntrykk av at norsk tegnspråk er en form for spesialpedagogikk i opplæringsloven. Norsk tegnspråk er først og fremst et språk i Norge.

#### **Språkrådet tilrår**

- ❖ at den sakkyndige vurderingen tas bort

---

<sup>24</sup> *Mål og mening*, s. 234

### **3.2.4 Ansvar for norsk tegnspråk**

Norsk tegnspråk er et nasjonalt språkpolitisk ansvar. Likevel gis det i opplæringsloven et kommunalt ansvar for sakkyndig vurdering, og de sakkyndige kan også bestemme å gi opplæringen et annet sted den skolen eleven sokner til.

Kommunal pedagogisk-psykologisk tjeneste har som oftest ikke tegnspråkkyndige fagpersoner. Det fører ofte til en mangelfull forståelse av hva norsk tegnspråk er, og noen tror at tilgangen til tegnspråk som opplæringsspråk skal være avhengig av «hvor godt den hørselhemmede hører». Mange kommuner ser ikke ut til å være klar over sitt språkpolitiske ansvar for norsk tegnspråk. Elever er ofte gitt tegnspråk etter retten til spesialundervisning (§ 5-1). Denne spesialpedagogiske paragrafen gir ikke samme språklige rettighet og bidrar også til å frata elevene en tegnspråkeksamen og en uanstrengt tilgang til et flytende lett tilgjengelig språk. Dessuten bidrar den til myten om at norsk tegnspråk er et spesialpedagogisk kommunikasjonsverktøy.

Språkrådet etterlyser en ordning som kan etterleve elevers rett til god undervisning i og på tegnspråk. Selv om vi mener sakkyndig vurdering må bort som grunnlag til å få rett til opplæring på tegnspråk, mener vi det trengs et nasjonalt ansvar for rådgivning knyttet til tegnspråkopplæring for døve og hørselhemmede. Av de forvalterne vi nevnte innledningsvis under 3.2, er det Statped som har mest kunnskap om tegnspråkopplæring, og vi ser det som ønskelig at Statped får styrket denne kompetansen og får et tydelig overordnet ansvar for spørsmål som knytter seg til opplæring i og på tegnspråk.

### **Språkrådet tilrår**

- ❖ at opplæringslovutvalget drøfter ansvarsfordelingen og styrker det nasjonale ansvaret i opplæringsloven
- ❖ at Statped får et overordnet ansvar for tegnspråkopplæring
- ❖ at opplæringslovutvalget drøfter hvordan tilsynet med og kontrollen av den tegnspråklige kvaliteten for tegnspråklige skal utføres

### **3.3 Retten til nærskole, elevgrupper og klassetilhørighet for tegnspråklige elever**

Språkrådet viser til opplæringsloven § 2-6, § 8-1, § 8-2 og § 9 A-2.

Opplæringsloven slår fast at grunnskoleelever har rett til å gå på den skolen som ligger nærmest, eller på en skole i nærmiljøet. Det står også i opplæringsloven at «elevar skal delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhør» (§ 8-2). Retten til å tilhøre en egen elevgruppe er særlig viktig for tegnspråklige elever.

Salamancaerklæringen (1994) framhever at inkludering for døve og hørselhemmede skjer gjennom egne skoler og klasser.<sup>25</sup> Egne skoler eller elevgrupper har blitt framhevet som en fordel for å kunne tilegne seg sitt førstespråk. Dette bidrar også til at døve og hørselhemmede får et trygt sosialt fellesskap. Nordisk forskning viser at Norden ikke har lykkes med å inkludere døve og hørselhemmede når de blir satt i samme undervisningsgruppe eller klasse som hørende elever.<sup>26</sup> Konsekvensen av dette er at døve og hørselhemmede presterer dårligere enn sine hørende medelever, de er mer ensomme og sliter med tilhørighetsfølelsen.

Det er slitsomt å munnavlese og tilegne seg kunnskap gjennom støy med tekniske hjelpemidler eller lærere med et lavt ferdighetsnivå i sitt fagspråk på tegnspråk. Døve og hørselhemmede har også liten tilgang til språklige forbilder og rollemodeller, noe som er særlig viktig i de identitetsskapende årene.

<sup>25</sup> [http://www.unesco.org/education/pdf/SALAMA\\_E.PDF](http://www.unesco.org/education/pdf/SALAMA_E.PDF)

<sup>26</sup> <https://samforsk.no/Publikasjoner/2018/HLF%20rapport%20endelig%20WEB.pdf>

Med de gamle døveskolene var det fire større tegnspråklige førstespråkarenaer. Dagens deltidstilbud hos Statped kan i omfang ikke gi samme språklige kvalitet. Elevene får derfor ikke brukt språket i et tegnspråkmiljø, hverken på hjemskolen eller i Statpeds tilbud.

I dagens lovverk er det en konflikt mellom to viktige prinsipp: Det ene er at barn har rett til å vokse opp i sin familie og kunne gå på sin nærskole, og det andre er retten til å kunne uanstrengt utvikle og bruke et førstespråk.<sup>27</sup> I § 2-6 er det åpnet for at tegnspråkopplæringen kan «givast på ein annan stad enn den skolen eleven soknar til». Det bør komme tydeligere fram at elevene med tegnspråkopplæring trenger undervisning i et tegnspråkmiljø, og at dette må gå foran nærskoleprinsippet. En løsning kan være *ressursskoler*, skoler med særlig kompetanse i tegnspråkopplæring. Mange kommuner vil ikke kunne tilby dette selv; da bør det være en plikt å sørge for at eleven får opplæringen i en annen kommune.

#### Språkrådet tilrår

- ❖ at lovverket i større grad tar hensyn til de tegnspråklige barnas beste i organiseringen av undervisning
- ❖ at det legges til rette for etablering av tegnspråklige skoler og klasser/grupper med og for døve og hørselshemmede elever

#### 3.4 Retten til skyss

Språkrådet viser til opplæringsloven kapittel 7 og § 9 A-2.

Retten til skyss er viktig for tegnspråklige, jamfør forrige punkt.

#### Språkrådet tilrår

- ❖ at tegnspråklige elever må tilbys skyss slik at de får mulighet til å være del av et klassemiljø på en tegnspråklig skole med voksne tegnspråklige førstespråksbrukere

#### 3.5 Tegnspråklige læremidler og læringsressurser

Språkrådet viser til opplæringsloven § 2-6, § 3-9, § 9-4 og forskriften til opplæringsloven §§ 17-1 til 17-3.

Vi ber utvalget se til FNs konvensjon om rettighetene for mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD), slik at Norge kan oppfylle pliktene sine etter denne konvensjonen.

CRPD sier dette om læremidler i utdanningen:

[Statspartene skal] sikre at undervisningen av blinde, døve og døvblinde personer, og især barn, finner sted på de språk og i de kommunikasjonsformer og med de kommunikasjonsmidler som er best tilpasset den enkelte [...]<sup>28</sup>

Parallelitetskravet CRPD legger opp til, er avgjørende for at døve og hørselshemmede barn skal kunne delta fullt ut i undervisningen på lik linje med andre. Læremidler og læringsressurser for norsk tegnspråklig er ikke nevnt i dagens opplæringslov eller i forskriften. Språkrådet mener dette er et hull i loven. Opplæringsloven bør også definere tegnspråklige filmer og nye plattformer som læringsressurser, og tilpasse lovteksten den nye teknologiske virkeligheten.

#### Språkrådet tilrår

<sup>27</sup> Språk i Norge – kultur og infrastruktur, s. 61–62: <https://sprakinorge.no/>

<sup>28</sup> Konvensjon om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne, artikkel 24, punkt 3c

- ❖ at retten til lærebøker og andre (digitale) læremidler og kvalitetssikrede ordbøker også gjelder for brukere av norsk tegnspråk

### **3.6 Kompetansekrav for lærere**

Språkrådet viser til opplæringsloven §§ 10-1, 10-2, 10-5 og 10-8 og forskriften til opplæringsloven §§ 14-2 til 14-5 og 14-9.

Fra FNs konvensjon om rettighetene for mennesker med nedsatt funksjonsevne:

[Stats]partene [skal] treffe hensiktssmessige tiltak for å ansette lærere som kan tegnspråk og/eller punktskrift, herunder lærere med nedsatt funksjonsevne, og å lære opp fagfolk og personale som arbeider på alle nivåer i utdanningssystemet.<sup>29</sup>

Flertallet av døve og hørselshemmede barn i Norge har ikke tilfredsstillende tilgang til lærere med kunnskap i tegnspråk eller tegnspråkdidaktikk. I dag kreves det 30/60 studiepoeng for å kunne undervise i tegnspråk i fag på barnetrinnet, på ungdomstrinnet og i videregående skole.

Lærerstudenter som tar tilsvarende studiepoeng i norsk, samisk og engelsk, har allerede grunnleggende kunnskaper i språkfagene de skal fordype seg i, før de begynner på det kompetansegivende lærerstudiet. Det er ingen krav til forkunnskap når lærerstudenter begynner på 30/60 studiepoeng i norsk tegnspråk. Likebehandlingen av kompetansekrav av disse fagene i oppvekstsammenheng slår uheldig ut og er ikke likeverdig. De bidrar til at døve og hørselshemmede barn språklig og faglig i realiteten får dårligere undervisning enn andre.

Videre må det kreves visuell (kulturspesifikk) pedagogisk og didaktisk kunnskap av dem som skal undervise på tegnspråk i andre skolefag enn norsk tegnspråk.

### **Språkrådet tilrår**

- ❖ at det felles europeiske rammeverket for språk legges til grunn for lærerutdanning, og at det defineres kompetansekrav ut fra ferdighetstesten der
- ❖ at døve og hørselshemmede elever som har norsk tegnspråk som morsmål, får tilgang på kompetente lærere
- ❖ at tegnspråkdidaktikk og visuell pedagogikk er ferdighetskrav
- ❖ at det kommer på plass kompetansekrav til dem som skal undervise på tegnspråk, ikke bare i tegnspråk

## **4 Minoritetsspråk i Norge**

Internasjonale konvensjoner inneholder forpliktelser om nasjonal minoritetsspråksundervisning.

I FNs konvensjon om politiske og sivile rettigheter står følgende:

I de stater hvor det finnes etniske, religiøse eller språklige minoriteter, skal de som tilhører slike minoriteter ikke nektes retten til, sammen med andre medlemmer av sin gruppe, å dyrke sin egen kultur, bekjenne seg til og utøve sin egen religion, eller bruke sitt eget språk.<sup>30</sup>

Denne FN-konvensjonen og flere andre er innarbeidet i lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (menneskerettsloven). Her er retten til utdanning en viktig del av den reelle likebehandlingen.

<sup>29</sup> Konvensjon om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne, artikkel 24, punkt 4

<sup>30</sup> Konvensjon om sivile og politiske rettigheter, artikkel 27: <https://www.fn.no/Om-FN/Avtaler/Menneskerettigheter/Konvensjon-om-sivile-og-politiske-rettigheter>

Den europeiske pakten om regions- eller minoritetsspråk (minoritetsspråkpakten) forplikter staten til å anerkjenne kvensk, romani og romanes som et uttrykk for kulturell rikdom. Staten skal fremme og verne disse nasjonale minoritetsspråkene, framskaffe former og midler for undervisning og fremme forskning på minoritetsspråk. Norge har definert følgende språk som norske regions- eller minoritetsspråk etter denne pakten: samisk (samiske språk), kvensk, romani og romanes.<sup>31</sup>

Europarådets rammekonvensjon for beskyttelse av nasjonale minoriteter pålegger videre staten å legge forholdene til rette for at de nasjonale minoritetene skal kunne uttrykke, bevare og videreutvikle sin kultur, sin identitet og sitt språk.<sup>32</sup>

I tillegg har barn selvstendige rettigheter.

I flere tiår har Norge forpliktet seg til å fremme og utvikle de nasjonale minoritetsspråkene i landet, og til å tilby utdanning i disse på alle trinn i utdanningsløpet. Likevel er få av disse språkpolitiske forpliktelsene implementert i norske lover, forskrifter og andre dokumenter.

I det norske lovverket er det i opplæringsloven og stedsnavnloven vi finner egne språklige rettigheter knyttet til kvenene/norskfinnene. Opplæringsloven gir elever med kvensk/norskfinsk bakgrunn rett til opplæring i finsk som andrespråk (§ 2-7). De nasjonale minoritetsspråkene romanes og romani nevnes ikke eksplisitt i opplæringsloven, men omfattes av § 2-8 *Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar*.

I evalueringsrapporten fra Europarådets ekspertkomité i forbindelse med Norges rapport fra 2017 om oppfølging av minoritetsspråkpakten, har Europarådets ministerkomité blant annet anbefalt at Norge skal 1) «implement a structured policy for Kven/Finnish, giving priority to offering education» og 2) «develop a strategy and take proactive measures to promote Romani and Romanes, in co-operation with the speakers».<sup>33</sup>

### **Språkrådet tilrår**

- ❖ at opplæringsloven ikke gjør det vanskelig å bruke kvensk, romanes og romani i norsk skole

#### **4.1 Opplæring i minoritetsspråk**

Språkrådet viser til opplæringsloven §§ 2-7 og 3-12.

Opplæringsloven gir elever med kvensk-finsk bakgrunn rett til grunnskoleopplæring i finsk etter bestemte regler: «Når minst tre elevar med kvensk-finsk bakgrunn ved grunnskolar i Troms og Finnmark krev det, har elevane rett til opplæring i finsk» (§ 2-7 første ledd). Språkrådet mener formuleringen i dagens lovtekst er uheldig. For det første bør retten gjelde kvensk-norskfinske elever i

---

<sup>31</sup> Rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter: <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/nasjonale-minoriteter/midtspalte/europaradets-rammekonvensjon/europaradets-rammekonvensjon/id2362518/>

<sup>32</sup> Rammekonvensjonen om beskyttelse av nasjonale minoriteter: <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/nasjonale-minoriteter/midtspalte/europaradets-rammekonvensjon/europaradets-rammekonvensjon/id2362518/>

<sup>33</sup> Recommendation CM/RecChL(2018)4 of the Committee of Ministers on the application of the European Charter for Regional or Minority Languages by Norway:

[https://search.coe.int/cm/Pages/result\\_details.aspx?ObjectId=09000016808b7d02](https://search.coe.int/cm/Pages/result_details.aspx?ObjectId=09000016808b7d02)

hele landet, ikke bare i de nordligste fylkene. For det andre er Språkrådet skeptisk til å kople retten til nasjonal minoritetsspråksopplæring til bakgrunn/etnisitet. Et slikt krav blir vanskelig å operasjonalisere i praksis og kan fremme diskriminering. Når elever (eller foreldre) i disse nasjonale minoritetsgruppene krever opplæring i sine respektive minoritetsspråk, handler de ut fra selvidentifiseringsprinsippet, altså hvordan de oppfatter seg selv. For det tredje mener Språkrådet at retten bør være individuell.

Retten til kvensk/finsk som andrespråk finner vi ikke for elever i videregående opplæring. Enkelte videregående skoler tilbyr slik opplæring i dag, men langt fra alle. Språkrådet er ikke kjent med at noen videregående skoler gir eller har gitt undervisning i kvensk som andrespråk. Dette vekker bekymring. Retten til kvensk/finsk som andrespråk må implementeres i loven.

I dag er det heller ikke mulig å melde inn kvensk/finsk (eller samisk) som andrespråk i de ulike innmeldings-/søknadsskjemaene til videregående opplæring. Dette gjør det vanskelig for elever å holde på språket sitt i utdanningsløpet. En annen utfordring er mangelfull informasjon til elever og foreldre om retten til opplæring i finsk/kvensk som andrespråk.

Per i dag kan man studere kvensk som årsstudium og på bachelor- og masternivå på norske universitet. Fra høsten 2019 av vil det også være mulig å ta lærerutdanning i kvensk ved Universitetet i Tromsø. Språkrådet frykter at dagens system uten lovfestet opplæring på videregående nivå vil få negative konsekvenser for antall lærere og studenter som velger kvensk/finsk i høyere utdanning og andre språkrelaterte sektorer.

I framtiden vil det kunne opprettes klasser for en voksende gruppe som allerede har hatt kvenskopplæring i barnheagen. Dagens kvensk som andre språk er ikke tilpasset denne gruppen. Det bør derfor kunne åpnes for at det etter hvert kan undervises på kvensk i flere fag enn i selve språkfaget kvensk.

Europarådets rammekonvensjon for beskyttelse av nasjonale minoriteter har flere ganger pekt på at det ikke finnes en lovfestet rett for romanes og romani i skolen, på lik linje med kvensk/finsk.

Språkrådet mener en rett til opplæring i romanes bør inn i opplæringsloven. I dag er slik opplæring ikke et mål i seg selv, men et middel på veien til bedre norskunnskaper (§ 2-8). Det bør på sikt også være et mål å gi opplæring i romani.

Språkopplæringen må også ta hensyn til at barn med henholdsvis romanes- og romanispråklig bakgrunn har ulike behov og utfordringer.

## Språkrådet tilrår

- ❖ at skolen får plikt til å informere om retten til å få opplæring på kvensk/finsk (og romani og romanes), og at valgmuligheten integreres i aktuelle innmeldings- og søknadsskjemaer
- ❖ at retten til kvensk/finsk i grunnskolen skal være en individuell rett og gjelde hele landet og utløses når foreldre eller elever krever opplæring
- ❖ at retten til kvensk/finsk i videregående skole forankres i loven etter de samme prinsippene som i grunnskolen
- ❖ at også romanes og romani får status som språk detgis opplæring i

## 4.2 Læreremidler og andre læringsressurser

Språkrådet viser til opplæringsloven § 9-4 og forskriften til opplæringsloven §§ 17-1 til 17-3.

Læreremidler og læringsressurser for minoritetsspråklige er ikke nevnt i opplæringsloven og forskriften til opplæringsloven. Når minoritetsspråklige elever har rett til morsmålsundervisning, førstespråksundervisning og andrespråksundervisning, må de også ha rett til læreremidler.

## **Språkrådet tilrår**

- ❖ at retten til lærebøker og andre lærermedier også gjelder elever med nasjonale minoritetsspråk

### **4.3 Kompetansekrav for lærere**

Språkrådet viser til opplæringsloven §§ 2-7 og 2-8.

Det er avgjørende at lærere som skal undervise i kvensk/finsk, romanes og romani, har god språkkompetanse. Universitetet i Tromsø har kvensk og finsk blant sine fag, mens ingen institusjoner tilbyr regulær undervisning i romanes og romani. Det bør utredes om det er mulighet for et nordisk samarbeid for studier i romani og romanes, og det bør legges opp til fleksible løsninger i denne språkopplæringen.

## **Språkrådet tilrår**

- ❖ at det arbeides videre med å styrke kompetansen hos lærere som skal undervise i kvensk/finsk
- ❖ at det legges til rette for fleksible løsninger for opplæring i romanes og romani

Vennleg helsing

Åse Wetås  
direktør

Helene Urdland Karlsen  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.*

Mottakarar:  
Opplæringslovutvalget

Kopi til:  
Elisabeth Harlem Eide